05-December-2014

# FJELL KOMMUNE

Servicetorgsjefen

## Melding om vedtak

Meland kulturskule
v/ Camilla Søderstrøm Tveit
PB 79
5906 FREKHAUG

| Dykkar ref. | Vår ref. | Saksh. – tlf. | Dato |
|---|---|---|---|
| | 2011/2494 - 25766/2014 | Unni Rygg - 55097155 | 04.12.2014 |

## Melding om vedtak: Kandidatar til styreverv i Norsk kulturskuleråd-Hordaland 2015-2017

Saka vart lagt fram for komité for drift (KD) 02.12.14, sak 83/14, med følgjande vedtak:

**Vedtak i Komité for drift - 02.12.2014:**
Fjell kommune fremjar kulturskulerektor Bjørn Andersen til styreverv i Norsk kulturskuleråd-Hordaland for perioden 2015-2017.

Med helsing

Unni Rygg
saksbehandlar

Kopi til:
Fjell kulturskule v/ rektor Bjørn Andersen Postboks 184 5342 Straume

Vedlegg: utvalsaksnr. 83/14

Postadresse: Postboks 184 5342 STRAUME
Besøksadresse: Rådhuset
Telefon: 55 09 60 00
Telefaks: 55 09 60 01
www.fjell.kommune.no
Bankkonto: 8580 14 08600
Bankkonto for skatt og avgift:

**Fjell kommune**

Arkiv: 022.1
Saksmappe: 2011/2494-23303/2014
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 03.11.2014

# SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 83/14 | Komité for drift | 02.12.2014 |

## Kandidatar til styreverv i Norsk kulturskuleråd-Hordaland 2015-2017

**Samandrag av saka:**

**Valkomiteen i Norsk kulturskuleråd-Hordaland har bedt medlemskommunane om framlegg til aktuelle kandidatar til styreverv i Norsk kulturskuleråd-Hordaland for perioden 2015-2017.**

**Innstilling:**
Fjell kommune fremjar følgjande kandidat(ar) til styreverv i Norsk kulturskuleråd-Hordaland for perioden 2015-2017:

.........................................................................................

Straume, den 03.11.2014

Steinar Nesse
Rådmann

Lillian Torsvik
servicetorgsjef

**Handsama i Komité for drift - 02.12.2014:**
Kirsten Syljeset (H) fremja kulturskulerektor Bjørn Andersen som Fjell kommune sin kandidat til verv i Norsk kulturskuleråd-Hordaland.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Komité for drift - 02.12.2014:**
Fjell kommune fremjar kulturskulerektor Bjørn Andersen til styreverv i Norsk kulturskuleråd-Hordaland for perioden 2015-2017.

**Dokument vedlagt saka:**
Skriv frå Norsk kulturskuleråd-Hordaland

**Saksopplysningar:**
Valkomiteen i Norsk kulturskuleråd-Hordaland har oppmoda medlemskommunane om å foreslå aktuelle kandidatar til styreverv i Norsk kulturskuleråd-Hordaland, for perioden 2015-2017.

Norsk kulturskuleråd vart etablert i 1973 og jobbar for at kulturskulen skal kjenneteiknast av høg kvalitet, rikt mangfald, og ivareta både breidde og talent. Lokallaget «Norsk kulturskuleråd-Hordaland» har som mål å bygge nettverk og samarbeide med andre; både kultur- og utdanningsinstitusjonar, organisasjonar og styremakter som kunnskapsdepartementet, KS og politikarar. Norsk kulturskuleråd-Hordaland skal framover jobbe med å implementere rammeplanen for kulturskolen som skal danne grunnlaget for utvikling av nasjonale standardar og lokale læreplaner i de kommunale kulturskulane. Organisasjonen har også eit tett samarbeid med Festspela i Bergen (FiB), og saman arrangerer dei *De Unges Festspilldag* der ungdom frå heile Hordaland møtes til framsyning i Logen og Peer Gynt-sal i Grieghallen. Det er også gjennomført studietur for medlemskommunane annakvart år dei siste åra. Norsk kulturskuleråd-Hordaland har møter ca. 1 gang i månaden på dagtid.

Aktuelle kandidatar kan vere frå politisk og administrativ leiing eller skule, kultur og kulturskule. Framlegga skal innehalde utdrag frå kandidatane sin CV med vekt på kandidaten sin bakgrunn, kandidaten sine kvalifikasjonar og bakgrunn for framlegget.

Framlegga vert sendt vidare til valkomiteen i Norsk kulturskuleråd-Hordaland v/ leiar Camilla Søderstrøm Tveit innan fredag 12.desember 2014. Det skal haldast årsmøte og konferanse i Norsk kulturskuleråd-Hordaland 12.og 13.mars i Bergen.

Følgjande personar er del av Norsk kulturskuleråd-Hordaland sitt styre i dag (2013-2015):

| | |
|---|---|
| Fylkesstyreleiar: | Bjørn Andersen (Fjell kommune) |
| Andre styremedlemer: | Anne Lene Østvold (Fitjar kommune) |
| | Pål Jøsok (Sveio kommune) |
| | Jarnfrid Gunnarson (Radøy kommune) |
| | Mardon Åvitsland (Bergen kommune) |
| Varamedlemer: | Arild B. Nielsen (Lindås kommune) |
| | Yngve Nikolaisen (Tysnes kommune) |

Til orientering så vart Hans Rasmussen; tidlegare kulturskulerektor, rektor ved Liljevatnet skule og høgrepolitikar; fremja av komité for drift (KD) som kandidat til styreverv i Norsk kulturskuleråd-Hordaland i førre periode 2013-2015 – men Rasmussen takka nei til kandidaturet i ettertid. Kulturskulerektor Bjørn Andersen var opphavleg leiar av Norsk kulturskuleråd- Hordland sin valkomité i 2013, men trakk seg frå vervet for å tre inn som kandidat for Fjell kommune for perioden 2013-2015. Kulturskulerektor Bjørn Andersen har også gjeve melding til valkomiteen at han stiller seg til disposisjon for neste valperiode.